

Rogaland tilbake til normalen?

Tom Hetland, tidlegare sjefredaktør i Stavanger Aftenblad

Sidan oljealderen begynte, har Høgre vore det dominerande styringspartiet i Rogaland. Det gjeld særleg i dei to største byane, Stavanger og Sandnes, og i noko mindre grad i Rogaland fylkeskommune. I inneverande periode er det derimot Arbeidarpartiet som sit med ordføraren alle tre stadene, i tillegg til Haugesund i nord og Eigersund i sør.

Arbeidarpartiet har ikkje kome til desse posisjonane berre ved eigen styrke. Dei er eit resultat av til dels svært utradisjonelle samarbeidskonstellasjonar. Dei siste meiningsmålingane tyder på at denne unntakstilstanden går mot ein ende, og at Høgre-hegemoniet kan bli gjenreist i oljefylket.

Stavanger

	2015	2019	Barometer sept 2022
Ap	27,4	25,4	23,3
H	28,9	23,1	30,0
Frp	10,9	8,9	14,0
SV	4,5	4,8	7,3
Sp	1,8	4,8	1,9
KrF	5,9	4,4	4,1
V	8,3	4,7	5,0
MDG	5,2	6,5	4,2
R	1,3	5,5	7,8
FNB/FB	-	9,2	0,6

I perioden frå 1972 til 2019 hadde Høgre ordføraren i Stavanger i til saman 40 år. Det einaste avbrekke var i åra 1987–1995, då Ap og KrF delte vervet mellom seg. Stavanger vart ofte omtala som Høgres utstillingsvindaug i Kommune-Norge. I Høgre-samanheng har Stavanger-partiet stått for ei lyseblå, pragmatisk, kulturopen og næringslivsvennleg linje med tydelege frontfigurar som Arne Rettedal og Leif Johan Sevland, den siste var ordførar i heile 16 år.

I 2019 var det slutt. Ein brei raud-grøn allianse tok over, med Kari Nessa Nordtun (Ap) som ordførar og Dagny Sunnanå Hausken (Sp) som varaordførar.

Det skuldast ikkje primært at Ap gjorde eit spesielt godt val, partiet gjekk tvert om tilbake med 2 prosentpoeng. Dei eigentlege raud-grøne partia hadde heller ikkje fleirtal i kommunestyret, sjølv med framgang for både Sp, MDG, SV og Raudt.

Den avgjerande faktoren for maktskiftet i Stavanger var Folkeaksjonen nei til meir bompenger (FNB) – nå Folkets Parti FNB – som gjorde eit kjempeval i Stavanger med 9,2 prosent av stemmene. Brorparten av desse vart henta frå Høgre og Frp. Likevel valde frontfiguren Frode Myrhol å leggja stemmene i den raud-grøne potten då verva skulle fordelast.

Mange syntest det var dristig. Uansett er bompengesaka nå langt nede på dagsordenen, og FNB har vore prega av store indre motsetningar. Partiet er praktisk talt utradert på september-målinga som Respons har gjort for Stavanger Aftenblad.

Styrkeforholdet mellom blokkene er dermed nesten tilbake til det det var i 2015, då Christine Sagen Helgø sikra seg attval som den hittil siste Høgre-ordføraren i oljehovudstaden. Høgre, Frp, Venstre og KrF får til saman 53,1 prosent av stemmene, mot 54,0 i 2015. Sjølv om Ap sin tilbakegang på målinga er mindre enn ein skulle venta ut frå situasjonen nasjonalt, og Mímir Kristjánssons Raudt sensasjonelt nok blir fjerde største parti i Stavanger med 7,8 prosent, er 44,5 prosent for dei raud-grøne i Stavanger (40,2 i 2015) langt frå nok til å sikra fire nye år ved makta.

Høgres nye toppkandidat i Stavanger, Sissel Knutsen Hegdal, er dermed klar favoritt til å overta ordførarklubba. Det ser likevel ut til at ho må hanskast med eit sterkare Frp, mens dei tradisjonelle samarbeidspartnarane i sentrum, Venstre og KrF, er svekka. Det kan innevarsla ei viss høgredreining, men førebels ser det ut til at sentrumskameratane er med på ferda.

Sandnes

	2011	2015	2019	Barometer sept 2022
Ap	21,8	36,4	25,1	18,7
H	30,0	15,1	16,3	30,9
Frp	22,6	24,1	18,0	19,2
SV	3,2	2,5	4,5	6,5
Sp	5,8	4,5	6,9	3,0
KrF	9,3	9,1	7,4	7,0
V	4,4	3,0	2,5	3,8
MDG	0,6	2,9	5,2	2,8
R	0,4	0,7	2,3	5,0
FNB/FB	-	-	9,1	0,2

Sandnes er Norges 9. største bykommune med eit folketal som har passert 81.000. Kommunen har eit stort innslag av typiske landdistrikt, særleg etter at fjell- og fjordkommunen Forsand vart slått saman med Sandnes under kommunereforma. Politisk er Sandnes dermed svært nær å vera ein rogalandsk gjennomsnittskommune.

Frå 1971 til 2011 var det berre to ordførarparti i Sandnes: KrF og Høgre. Sistnemnde hadde ordføraren samanhengande frå 1993, og gjorde eit godt val også i 2011. Men under forhandlingane i 2011 skjedde sensasjonen: Ap og Frp gjekk saman i ein allianse for å gjera slutt på Høgre-hegemoniet. Stanley Wirak (Ap) vart ordførar og Pål Morten Borgli (Frp) varaordførar. Med på lasset var også SV og Sp.

Limet i denne høgst uvanlege koalisjonen var Sandnes-patriotisme. Sandnes ville ut av skuggen frå storebror i nord. Og då Erna Solberg og Jan Tore Sanner lanserte den store kommunereforma, gav dei Wirak/Borgli ei merkesak opp i hendene. Sandnesbuar flest ville ikkje inn i ein storkommune med Stavanger. I kommunevalet i 2015 fekk Ap og Frp til saman over 60 prosent av stemmene i Sandnes. Storkommunen på Nord-Jæren vart det aldri noko av.

Med Wirak/Borgli i spissen har Sandnes markert seg med større sjølvtilitt – og stundom til irritasjon – i det regionale samarbeidet. Og dei har forandra byen. Det er investert stort i sentrum, og Sandnes står i dag fram som ein moderne storby meir enn før. At byen er blitt meir synleg for resten av landet gjennom Blink-festivalen og ikkje minst bravadane til Ingebrigtsen-familien, har heller ikkje skada. Wirak og Borgli har passa på å vera til stades der det har blitt jubla.

I 2019 var likevel fleirtalet blitt ein del svekka. Også i Sandnes gjorde bompengeprotestantane det stort. Men FNB var ikkje nødvendige for å få fleirtal, og klappa fort saman.

Siste meiningsmåling viser at det skal bli svært vanskeleg å føra vidare Ap/Frp-makta i Sandnes. 72 år gamle Stanley Wirak har sagt nei til attval, og den nye ordførarkandidaten, Arne Buchholdt Espedal, har ikkje den same personlege posisjonen. Nominasjonskampen viste dessutan at mange i Sandnes Ap er ukomfortable med Frp-alliansen. Det er også SV, som for lengst har trekt seg frå samarbeidet, og Raudt, som aukar også i Sandnes.

Pål Morten Borgli og Frp står derimot på, og september-målinga frå Respons viste at Frp nå så vidt er større enn Ap. Den største endringa er likevel at Høgre er tilbake på gamle høgder. 30,9 prosent er om lag som i 2011, og ei dobling av resultatet i 2015 og 2019. Høgres kandidat, Kenny Rettore, vil likevel ikkje setja som vilkår at Høgre skal få ordføraren. Pål Morten Borgli kan vera i ein god forhandlingsposisjon om dagens tendens held fram. Men eit Ap/H-samarbeid kan heller ikkje utelukkast i ein kommune som har vent seg til utradisjonelle samarbeidsmonster.

Rogaland

	2011	2015	2019	Barometer sept 2022
Ap	27,4	27,8	22,3	17,3
H	28,9	24,2	22,1	31,2
Frp	15,8	15,6	12,6	19,2
SV	2,9	2,8	4,1	5,8
Sp	5,7	7,2	10,5	4,4
KrF	10,9	11,1	8,6	7,8
V	4,7	4,4	3,0	3,7
MDG	0,8	3,7	5,1	1,8
R	0,6	0,7	2,3	4,9
FNB/FB	-	-	6,4	0,0
INP	-	-	-	3,2

Fylkespolitikken i Rogaland har hatt eit større sentrumsinnslag enn dei to største byane. Likevel har Høgre-dominansen vore tydeleg også der. Sidan direkte val til fylkestinget vart innført i 1975 og fram til 2015 hadde Høgre fylkesordføraren i 20 år, KrF og Sp i åtte år kvar og Ap i fire. I 2015 kom det til eit sentrum-venstresamarbeid som i den første perioden var leia av Solveig Ege Tengesdal (KrF) og i nåverande periode av Marianne Chesak (Ap).

Siste måling frå Respons tyder på at det kan gå mot skifte også i fylket – ja, at Høgre og Frp til saman kan få reint fleirtal. Dei noterer seg for 50,4 prosent i lag på målinga, mot 44,7 prosent i 2011, som var det siste året Høgre fekk fylkesordføraren. Sjølv med heile sentrum på laget kan det altså bli tøft for Ap, med Tom Kalsås som fylkesordførarkandidat, å sikra seg fire nye år. Partiet har gått tilbake 10,1 prosentpoeng sidan 2011, og samarbeidspartnerane i sentrum er også kraftig desimerte.

Rogaland utmerkar seg ved at Frp aukar meir her enn i resten av landet. Nivået på septemberbarometeret er heile 19,2 – 3,4 prosent høgare enn i 2011, då partiet ennå ikkje var merka av kompromissa og stridane i Solberg-regjeringa.

Ein del av forklaringa er at Frp i Rogaland på same måte som Høgre står fram som eit meir moderat og pragmatisk parti enn Frp gjer nasjonalt. Det er Ketil Solvik-Olsen som er den store helten for Frp-arar i Rogaland, ikkje Sylvi Listhaug eller Christian Tybring-Gjedde. Frp har også hatt ordførar- og varaordførarposisjonar i fleire av kommunane i Rogaland, blant andre Sandnes, som før nemnt. Partiet appellerer til protestveljarar også her, men er i mindre grad eit outsiderparti enn i fleire andre fylke.

Ein ukjend X må nemnast til slutt: Industri- og næringspartiet (INP), stifta i 2020, får 3,2 prosent på Rogalands-målinga. Partiet har fått vind i segla under straumkrisa, og har tydelegvis appell ikkje minst blant oljearbeidarar i Rogaland. INP vil kunna ta veljarar både frå høgre- og venstresida dersom framgangen varer. Det står likevel att å sjå. På målinga for Stavanger får ikkje INP meir enn 0,8 prosent, og i Sandnes 1,0. Her kan feilmarginane spela oss eit puss, enten den eine eller andre vegen.